

**Kjørde ned bom – stoppa i Uskedalen**

06.05.2007

**Laurdag kveld kjørde ein vel tretti år gamal bilfører på veg inn i Kvinnherad rett i bommen på bomstasjonen ved vestenden av Folgefonntunnelen i staden for å stoppa og betala på vanleg vis.**

Deretter forsvann han, men ein time seinare vart bilen med tre austeuropeiske personar stoppa av ein lensmannspatrolje i Uskedalen.

Innsida.no meldar at det ikkje er mistanke om promillekøyting, men at sjåføren hadde problem med å forklara kvifor han kjørde på bommen.